

Til forhandlingsutvalet

Frå rådmennene

I forhandlingmøtet for kommunereforma 20. januar fekk rådmennene i dei 6 kommunane i oppdrag frå ordførarane og syne kva ikkje stadbundne tenester som kan vera aktuelle å fordele til dei eksisterande kommunesentra og kome med framlegg til fordeling av ein funksjon til kvart av dei eksisterande kommunesentra. Vi skulle søkje å velja område som det kunne vera mogleg å einast om.

Ikkje stadbunde tenester som kan fordelast er :

landbruksforvaltning,

utmarksforvaltning/skogbruk,

barnevern,

PPT,

omsorgstenester til ressurskrevjande brukarar,

byggesak og planlegging,

oppmåling

IKT-drift,

lønskontor,

skattekontor (innkreving og arbeidsgjevarkontroll)

rekneskapskontor,

helse- og omsorgsadministrasjon/tildelingskontor innan helse- og omsorg

skuleadministrasjon

kulturadministrasjon

byggadministrasjon

administrering av VAR-område

m.v.

Rådmenne vil rå til at ny rådmann i samråd med fellesnemna går gjennom og fordelar desse funksjonane etter dei prinsippa som ligg i intensjonsavtalen. Dersom det skal synleggjerast fordeling av ein funksjon på kvar eksisterande kommunesenter kan det vera følgjande:

Årdal: administrering av VAR-område

Lærdal: helse- og omsorgsadministrasjon/tildelingskontor innan helse- og omsorg

Vik: landbruksforvaltning,

Balestand: utmarksforvaltning/skogbruk,

Leikanger: skattekontor (innkreving og arbeidsgjevarkontroll)

Sogndal: kommunesenter

Dersom det er ønskeleg å også ta dette inn i avtaleteksten kan det gjerast på følgjande måte (ny tekst med raud farge), under punkt 2. Betre tenester og prinsipp for lokalisering av kommunale tenester, tredje avsnitt:

Interne tenester i kommunen er ikkje stadbundne for innbyggjarane, og kan lokalisrast friare i heile kommunen. Døme på slike tenester er forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av kommunal eigedom og infrastruktur, IKT-drift, lønsskontor, rekneskapskontor, helse- og omsorgsadministrasjon, skuleadministrasjon og kulturadministrasjon. Vi er samde om ei funksjonsfordeling av slike ikkje stadbundne tenester. **Kommunane har som siktemål å få til ei balansert utvikling mellom dei ulike delane av den nye kommunen ved aktivt å bygge vidare på dei styrkar og føremoner vi har.** Ein gradvis overgang til ei funksjonsfordeling er aktuelt. Stabsfunksjonar skal fordelast til eksisterande kommunesentra. Fellesnemnda i saman med ny rådmann, vil få oppgåve med å fordele stabsfunksjonar. Vi er samde om å sikre kommunale arbeidsplasser og tenestetorg/sørviskontor i alle eksisterande kommunehus.